



Saksbehandlar: Frank Tore Farsund Tveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/3825-5

## **Spelemidlar til kulturbygg 2019**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Tilskot til kulturbygg for 2019 vert fordelt slik:

Kommune	Anleggnr.	Søkjar	Namn på bygg	Tilskotssum
Fjaler	73434	Jensbua Kystkultursenter AS	Jensbua kystkultursenter	Kr. 117 000
Flora	54572	Flora kommune	Eikefjord kulturstove	Kr. 500 000
Høyanger	64560	Høyanger kommune	Gunnar S. Galleri	Kr. 500 000
Naustdal	50888	Naustdal kommune	Naustdal bibliotek	Kr. 127 000
Sogndal	10709	Sogndal kommune	Sogndal kulturhus	Kr. 750 000
Vågsøy	73390	Refvik Bygdeutvikling AS	Lensmannshuset i Refvik	Kr. 302 000
			<b>Totalt:</b>	<b>Kr. 2 296 000</b>

2. Desse søknadane om tilskot til kulturbygg 2019 får avslag:

Kommune	Anleggnr.	Søkjar	Namn på bygg	Status
Flora	74970	Stavøy Grendelag	Stavøy Grendehus	Godkjend
Førde	72439	Førde Normisjon	Førde bedehus	Godkjend
Gaular	73410	Gaular kommune	Gaular kulturhus	Godkjend
Gaular	9662	Bygstad samfunnshus SA	Bygstad samfunnshus	Godkjend
Gaular	73460	Gaular kommune	Gaular folkebibliotek	Godkjend
Hyllestad	75068	Hyllestad kommune	Kultursal	Godkjend
Naustdal	74906	Naustdal ungdomslag	Fosshalla	Godkjend
Vågsøy	31251	Vedvik grendelag	Vedvik Grendehus	Godkjend
Årdal	12060	Farnes ungdomslag	Solvang ungdomshus	Godkjend
Fjaler	75065	Framhug ungdomslag	Framtun ungdomshus	Ikkje godkjend
Fjaler	39848	Flekke ungdomslag	Vonheim ungdomshus	Ikkje godkjend
Førde	9762	Førde kommune	Førdehuset	Ikkje godkjend
Jølster	66120	Vårvon ungdomslag	Svidalen grendehus	Ikkje godkjend

3. Det vert sett av 76 640 kr til klagehandsaming.
4. Søkjarar som har fått avslag på sine søknadar kan fornye sine søknadar i 2020.

### **Vedlegg:**

1. Retningslinjer for tilskot til kulturbygg i Sogn og Fjordane
2. Melding om midlar til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg frå Kulturdepartementet.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

## **1. Samandrag**

Stortinget satt ved *St. meld. nr. 48: Kulturpolitikk fram mot 2014* i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg. Kulturdepartementet administrerer ordninga, medan fylkeskommunane forvaltar tilskota på bakgrunn av overordna retningslinjer frå Kulturdepartementet samt fylkeskommunale retningslinjer, for Sogn og Fjordane vart desse retningslinjene vedtekne i HNK-sak 87/16 den 25.10.16.

Innan fristen 30.04.19 kom det 19 søknadar med ein total søknadssum på kr 9 579 000.

Disponibel sum til fordeling kjem fram når vi summerer slik:

- Rammetilskot: 1 898 993 kr
- Rentemidlar: 87 476 kr
- Inndregne midlar: 189 000 kr
- Ubrukte klagemidlar frå 2018 197 171 kr

Fylkesdirektøren rår i denne saka å tildele 2 296 000 kr til 6 kulturbrygg.

I tillegg er det sett av 76 640 kr til eventuell klagehandsaming.

## **2. Bakgrunn for saka**

Stortinget har ved handsaminga av *St.meld. nr. 48 (2002-2003): Kulturpolitikk fram mot 2014*, sett i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturbrygg. Ordninga vert finansiert med delar av overskotet frå Norsk Tipping. Kulturdepartementet administrerer ordninga og fylkeskommunane har ei sentral rolle ettersom forvaltningsoppgåvene knytt til oppgåvene er delegert til regionalt nivå. Departementet fordeler tilgjengelege midlar til fylkeskommunane. Fylkeskommunane handsamer søknadar og vedtek fordeling av midlane.

Kulturdepartementet har fastsett dei overordna retningslinjene for søknadsordninga. I desse retningslinjene er det ei føresegn om at fylkeskommunane skal fastsetje nærmare vilkår for søknadar. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok «Retningslinjer for tilskot til Kulturbrygg i Sogn og Fjordane» i HNK-sak 87/16 den 25.10.16.

Kulturhusa er viktige møteplassar i lokalsamfunnet. I tillegg til dei kommunalt eigde kulturhusa har vi i Sogn og Fjordane om lag 400 lagseigde hus, som for eksempel grendehus, ungdomshus, bedehus m.m. Desse har ein viktig funksjon i det å vere samlingsarena for store og små hendingar i bygdene, som øvingslokale og framføringslokale.

Det kan vere krevjande for eigarar av kulturbrygg å sikre drift, vedlikehald og rehabilitering av kulturhusa. Mange av husa er eldre bygg med behov for betre tilrettelegging og rehabilitering både utvendig og innvendig. Dette kan vere utfordrande for eigarane å gjennomføre på eiga hand, og mange er avhengige av eksterne tilskot. Spelemidlar til kulturbrygg var redusert frå om lag 130 mill. kr. i 2012 til om lag 47 mill. kr i 2017 på landsbasis. Både i 2018 og no i 2019 er dette auka med 4,7 mill. kr. Fylkesdirektøren ser at det framleis er trøng for eit løft for dei lokale kulturbrygga i Sogn og Fjordane, og fylkeskommunen må arbeide for at spelemiddelandelen til kulturbrygg kan aukast ytterligare dei kommande åra.

## **3. Årets søknadar og omfang av rammetilskot**

Innan fristen 30.04.19 kom det inn 19 søknadar. Den totale søknadssummen var på 9 579 000 kr. Av søknadane er 8 nye søknadar, 9 er fornva søknadar og 2 er gjentekne søknadar.

Rammeløyvinga frå Kulturdepartementet er på 1 898 933 kr. Dette er 151 588 kr meir enn i 2018. Løyvde men ikkje fordelte midlar står på eigen konto. Rentene frå desse vert lagt til ramma for tildeling. Opptente rentemidlar frå 2018 er 87 476 kr. I 2018 vart det sett av 197 172 kr til eventuelle klager. Ettersom det ikkje kom klager er desse midlane tilgjengelege. Det er i tillegg

189 000 kr i inndregne midlar som også er tilgjengelege for tildeling. Samla er det 2 372 640 kr tilgjengeleg til fordeling.

Forvaltningslova § 27 og 28, gjev søkerar som har fått avslag rett til å klage på vedtaket. Hovudutval for næring og kultur handsamar klagen som underinstans. Klageinstans er Kulturdepartementet. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 76 640 kr til eventuell klagehandsaming. Desse midlane kan fordelast til prosjekt seinare når vi er kjende med om det kjem klage på vedtaket, og utfallet av ei eventuell klage.

#### **4. Vurdering av søknadane**

Tiltaka i årets søknadar er hovudsakleg rehabilitering og modernisering av eldre bygg, samt tilrettelegging med mål om auka universell utforming. Desse søknadane knyter seg til lokale kulturbrygg som er viktige i sitt nærmiljø. Det er også søkt om tilskot til eitt større kulturbrygg som i følgje retningslinjene for kulturbrygg kan søkje som eit kulturbrygg med regional funksjon. I tillegg er det søkt på to nyetableringar av kultursalar i tilknyting til ny etablert fleirbrukskall. I hovudsak er tiltaka det er søkt om i tråd med den typen tiltak den desentraliserte ordninga for kulturbrygg skal dekke.

Av dei 19 søknadane i år er det 15 søknadar som er godkjende og formelt i orden. Fire av søknadane vart ikkje godkjende. Det har vore eit godt samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen og dei enkelte søkerane for å få søknadane godkjende. På alle søknadar der det har vore manglar har kommune/søkjar fått høve til å rette opp i desse manglane. Dette har fleire nytta seg av. Tre av søknadane som ikkje vert godkjend er trekt av søkerane, medan ein søknad ikkje er godkjend fordi dei ikkje hadde høve å rette opp i manglane innan tidsfristen. Årets søknadar syner likevel at det kan vere behov for kompetanseheving blant mogelege søkerar, og det bør vere eit mål for fylkeskommunen å auke kvaliteten på søknadane. Dette kan løysast med kompetansehevande tiltak, til dømes lokale søknadskurs.

Fylkesdirektøren har eit samarbeid om satsing på kulturbrygg med Noregs Ungdomslag sitt prosjekt «Huset i bygda» og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Saman ynskjer vi å legge til rette for at Sogn og Fjordane skal få fleire godkjende kulturbryggsøknadar. «Huset i bygda» skal spreie informasjon til eigarar av kulturbrygg i fylket, og legge inn informasjon om kulturbrygg i sin digitale husdatabase. Fylkeskommunen forvaltar den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbrygg og skal også spreie informasjon, hjelpe søkerar med ulike spørsmål og handsame søknadar om spelemedialar. «Huset i bygda» har fått midlar med Sparebankstiftinga som dei nyttar til å gje tilskot til gode prosjekt på kulturbrygg. Desse midlane kan brukast som ein del av eigenkapitalen i ein søknad om spelemedialar.

#### **5. Prioriteringar**

I tråd med retningslinjene har fylkesdirektøren lagt lagd vekt på følgjande prioriteringar:

- Lokale arenaer som inneholder kulturaktivitet vert prioritert.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Prioritere gjentekne søknader ved tildeling av tilskot.

Det er tre av dei godkjende søknadane som har relativt høg søknadssum i forhold til dei andre søknadane og disse vil krevje ein stor del av dei tilgjengelege midlane ved tildeling. Desse søknadane er eldre søknadar som er fornya over fleire år, og på eit tidspunkt så må dei tildelast midlar. Fylkesdirektøren rår til at desse vert tildelt midlar i år. Søknadssummane er også så høge at tilskotet bør delast over fleire år. I desse tilfella må søkeren gjenta søknaden dei neste søknadsåra for å få den resterande søknadssummen.

Årleg kjem det søknadar både frå kommunar og frå frivillig sektor. Dei siste åra har tildelingane i stor grad gått til søknadar frå frivillig sektor. I år vil store delar av tildelinga gå til kommunale søknadane. Dette går i bølgjer og vil utjamne seg over tid.

Den totale søknadssummen er høyare enn rammeløyvinga fylkeskommunen har fått frå Kulturdepartementet. Difor vert det ikkje tilrådd løyvingar til alle godkjende søknadar i år. Søkjarar som har ein godkjend søknad, men som ikkje får tildeling kan fornye sine søknadar i 2020. Søkjarar med søknadar som ikkje er godkjende kan rette opp manglane og søkje på nytt i 2020.

## **6. Vurderingar, framlegg til løyvingar og avslag**

### **6.1. Søknadar som vert tilrådd midlar:**

Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd kr. 2 296 000 til følgjande 6 kulturbrygg:

Søkjar:	Jensbua Kystkultursenter AS	Tiltak:	Rehabilitering Jensbua kystkultursenter.
Kommunal Pri.:	1/3	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Rehabilitering av kjøkken og oppgradering av inngangsparti.		
Vurdering:	Søknaden er fornya frå 2018. Då vart den ikkje godkjend, men søker har retta opp manglane og søknaden er no godkjend. Søknaden er prioritert øvst i Fjaler kommune, og er frå frivillig sektor.		
Godkj. Søksum:	117 000 kr	Løyving:	<b>117 000 kr</b>

Søkjar:	Flora kommune	Tiltak:	Kulturscene ved Eikefjord skule/fleirbrukskall
Kommunal Pri.:	1/2	1. søknadsår:	2016
Innhald:	Utviding av fleirbrukskall til å inkludere kulturhusdel med bl.a. scene.		
Vurdering:	Fornya søknad. Søkte første gong i 2016. Er prioritert som nr. 1 i Flora kommune. Søknadssummen er så høg at tildeling bør fordelast over fleire søknadsomgangar. Søkjar kan gjenta søknaden neste søknadsår.		
Godkj. Søksum:	1 500 000 kr	Løyving:	<b>500 000 kr</b>

Søkjar:	Høyanger kommune	Tiltak:	Gunnar S. Galleri
Kommunal Pri.:	1/1	1. søknadsår:	2017
Innhald:	Etablering av galleri i eksisterande bygg. Byporten i Høyanger vert bygd om til galleri i to etasjar og i kjellar.		
Vurdering:	Gjenteken søknad. Søkte første gong i 2017. Fekk første tildeling i 2018. Ettersom søknadssummen er høg bør tildeling fordelast over fleire år. Får andre tildeling i år. Søkjar kan gjenta søknaden neste søknadsår.		
Godkj. Søksum:	1 000 000 kr	Løyving:	<b>500 000 kr</b>

Søkjar:	Naustdal kommune	Tiltak:	Ombygging bibliotek
Kommunal Pri.:	1/2	1. søknadsår:	2015
Innhald:	Ombygging av bibliotek for å betre universell utforming, legge særskilt til rette for barn og unge, og legge betre til rette for dei ulike driftsfunksjonane ved biblioteket.		
Vurdering:	Gjenteken søknad. Søkte første gang i 2015. Fekk første tideling i 2017. Får siste tildeling i år.		
Godkj. Søksum:	127 000 kr	Løyving:	<b>127 000 kr</b>

Søkjar:	Sogndal kommune	Tiltak:	Sogndal kulturhus
Kommunal Pri.:	1/1	1. søknadsår:	2016
Innhald:	Ombygging av kulturhuset til å inkludere ny kinosal, ny konsertsal og 2 nye møte/øvingsrom. Kommunen søker om tilskot etter satsen for «kulturbrygg med regional funksjon» i retningslinjene pkt. 2.7.3.		
Vurdering:	Fornya søknad. Søkte første gong i 2016. Søknadssummen er så høg at		

	tildeling bør fordelast over fleire søknadsomgangar. Søkjar kan gjenta søknaden neste søknadsår.		
Godkj. Søksum:	2 776 000 kr	Løyving:	<b>750 000 kr</b>

Søkjar:	Refvik Bygdeutvikling AS	Tiltak:	Rehabilitering på Lennsmanshuset i Refvik
Kommunal Pri.:	1/2	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Ombygging av toalett til HC-toalett, utviding av inngangsparti og ombygging av garderobe.		
Vurdering:	Søknaden er fornøya frå 2018. Fekk ikkje tildeling grunna lågare kommunal prioritering og manglende midlar. Er i år prioritert øvst av kommunen, og er ein søknad frå frivillig sektor.		
Godkj. Søksum:	302 000 kr	Løyving:	<b>302 000 kr</b>

## 6.2. Godkjende søknadar som ikkje vert tilrådd midlar:

Rammeløyvinga frå Kulturdepartementet er ikkje høg nok til at alle godkjende søknadar kan tildelast midlar. Søkjarane kan fornye søknadane i neste søknadsrunde.

Søkjar:	Stavøy ungdomslag	Tiltak:	Stavøy ungdomshus
Kommunal Pri.:	2/2	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Tilbygg til ungdomshuset med kjøkken og toalett, samt legge inn vatn.		
Vurdering:	Søkjer første gong i 2019. Søknaden er godkjend og formelt i orden. Får ikkje tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020.		
Godkj. Søksum:	402 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Førde Normisjon	Tiltak:	Rehabilitering Førde bedehus
Kommunal Pri.:	-	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Rehabilitering av kjøkken, toalett og golv, samt betra tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne.		
Vurdering:	Søkte første gong i 2018, men fekk ikkje godkjend søknaden då. Retta opp i manglane frå 2018 og søknaden er godkjend og formelt i orden i år. Får ikkje tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020.		
Godkj. Søksum:	252 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Gaular kommune	Tiltak:	Gaular folkebibliotek
Kommunal Pri.:	1/3	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Tilrettelegging og oppgradering til meirope bibliotek og utbetring av inngangsparti som stettar krav til universell utforming.		
Vurdering:	Søkte første gong i 2018, men fekk ikkje godkjend søknaden då. Retta opp i manglane frå 2018 og søknaden er godkjend og formelt i orden i år. Får ikkje tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	173 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Gaular kommune	Tiltak:	Rehabilitering Gaular kulturhus
Kommunal Pri.:	2/3	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Skifte av kledning, utskifting av vinduer og montering av ventilasjonsanlegg.		
Vurdering:	Søkte første gong i 2018, men fekk ikkje godkjend søknaden då. Retta opp		

	i manglane fra 2018 og søknaden er godkjend og formelt i orden i år. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	148 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Bygstad samfunnshus SA	Tiltak:	Rehabilitering Bygstad samfunnshus
Kommunal Pri.:	3/3	1. søknadsår:	
Innhald:	Rehabilitering av fasade med utskifting av vinduer og dører samt kledning av fasade.		
Vurdering:	Søkte første gang i 2018, men fekk ikke godkjend søknaden då. Retta opp i manglane fra 2018 og søknaden er godkjend og formelt i orden i år. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	121 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Hyllestad kommune	Tiltak:	Kultursal i Hyllestadhallen
Kommunal Pri.:	1/1	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Tilrettelegging av Hyllestadhallen slik at den også kan nyttast som kultursal, med bl.a. mobil scene, tribune, lyd/lys anlegg.		
Vurdering:	Søkjer første gang i 2019. Søknaden er godkjend og formelt i orden. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	804 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Naustdal ungdomslag	Tiltak:	Rehabilitering av Fosshalla
Kommunal Pri.:	2/2	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Rehabilitering av tak samt utskifting av vindauge.		
Vurdering:	Søkjer første gang i 2019. Søknaden er godkjend og formelt i orden. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	152 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Vedvik Grendalag	Tiltak:	Rehabilitering Vedvik Grendahus
Kommunal Pri.:	2/2	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Rehabilitering av inngangsparti og ny våtromsavdeling med toalett, HC-toalett, dusj og vaskerom.		
Vurdering:	Søkjer første gang i 2019. Søknaden er godkjend og formelt i orden. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	397 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

Søkjar:	Farnes Ungdomslag	Tiltak:	Rehabilitering Solvang ungdomshus
Kommunal Pri.:	1/1	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Rehabilitering av gang og toalett.		
Vurdering:	Søkte første gang i 2018, men fekk ikke godkjend søknaden då. Retta opp i manglane fra 2018 og søknaden er godkjend og formelt i orden i år. Får ikke tildeling grunna anna prioritering og manglende midlar. Kan fornye søknaden i 2020		
Godkj. Søksum:	223 000 kr	Løyving:	<b>0 kr</b>

### **6.3. Ikkje godkjende søknadar:**

Søkjarar som har søknadar som ikkje er godkjende kan rette opp i feil/manglar og levere søknaden på nytt i neste søknadsrunde.

Søkjar:	Flekke ungdomslag	Tiltak:	Rehabilitering Vonheim ungdomshus
Kommunal Pri.:	2/3	1. søknadsår:	2018
Innhald:	Utskifting av kledning og vindauge, samt etterisolering.		
Vurdering:	Søknaden hadde manglar, og søker valde å trekke søknaden, og den kan dermed ikkje godkjennast.		

Søkjar:	Framhug ungdomslag	Tiltak:	Rehabilitering Framtun ungdomshus
Kommunal Pri.:	3/3	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Rehabilitering av tak.		
Vurdering:	Søknaden har fleire manglar, bla; vedtekter for bruk, teikningar, dokumentasjon på finansiering og dugnad, samt at det er uklårt kven som eig/driftar bygget. Søknaden er dermed ikkje formelt i orden. Søkjar vart invitert til å ettersende manglande informasjon men valde heller å trekke søknaden. Dersom søker rettar opp i manglane kan dei søkje på nytt i 2020.		

Søkjar:	Førde kommune	Tiltak:	Rehabilitering heis Førdehuset
Kommunal Pri.:	-	1. søknadsår:	
Innhald:	Bytte ut gammal heis for å få ein ny heis som er universelt utforma		
Vurdering:	Grunna manglande politisk prioritering av sine søknadar, valde Førde kommune å trekke denne søknaden slik at dei berre har ein godkjend søknad (Førde Bedehus), og dermed ikkje treng politisk prioritering. Søkjar kan søkje på nytt i 2020.		

Søkjar:	Vårvon ungdomslag	Tiltak:	Rehabilitering Svidalen Grendahus
Kommunal Pri.:	1/1	1. søknadsår:	2019
Innhald:	Riving av eksisterande tilbygg og oppføring av nytt tilbygg med toalett med universell utforming samt nytt lagerrom.		
Vurdering:	Søknaden har fleire manglar, bla; vedtekter til ungdomslaget, plan for drift, dokumentasjon på dugnad, dokumentasjon på finansiering og eigenkapital. Søkjar vart invitert til å ettersende manglande informasjon men dei ga tilbakemelding om at dei ikkje hadde mogelegheit til dette. Dersom søker rettar opp i manglane kan dei søkje på nytt i 2020.		

### **7. Konklusjon**

Fylkesdirektøren viser til drøftingane i saka, og dei forslag til prioriteringar som er gjort. Fylkesdirektøren rår til vedtak i samsvar med framlegg til vedtak.